



## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Nord-Fron kommune, avløpsanlegg

Dato for inspeksjonen: **07.10.2010**

Saksnr. hjå Fylkesmannen: **2010/6077**

### Kontrollert verksemd og anlegg

Kommune, namn og postadresse: <b>Nord-Fron kommune, 2647 Vinstra</b>	Kommunenr.: <b>0516</b>
	Organisasjonsnr.: <b>839 893 132</b>
Kontrollert anlegg: <b>Vinstra reinseanlegg</b>	Anleggsnr*: <b>0516.0008.01</b>
	Anleggsaktivitet*: <b>Avløpsnett og -reinsing</b>
Løyve etter forureiningslova: <b>19.12.2007</b>	Risikoklasse: <b>4</b> (vedtak i utsleppsløyve)

\* Refererer til Fylkesmannens database Forurensning

### Deltakarar ved kontrollen

Frå Fylkesmannen: <b>Senioring. Magne Drageset</b> <b>Overing. Elin Hilde</b> <b>Overing. Tore Pedersen</b>	Frå kommunen: <b>Verksemdsleiar teknikk Bjørn Bjørke</b> <b>Avdelingsingeniør Jørgen Fjellseth</b> <b>Leiar uteseksjon Øystein Lien</b> <b>Kommunalsjef Per Oluf Solbraa</b> <b>Driftsoperatør Ole Anders Teigmoen</b>
--	---

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten beskriv resultat frå inspeksjonen. Hovudtema for kontrollen var oppfølging av utsleppskrav og leidningsnett, og klimatilpassing.

Inspeksjonen vart gjennomført som del av ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot kommunale avløpsanlegg hausten 2010. Resultata frå aksjonen vil bli samanstilte av Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif.no) og på fylkesmannen.no.

**Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen innan 4 veker om oppfølging av avvik.**

### Regelverk

- *Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova), jf § 7*
- *Forskrift om begrenning av forurensning (forureiningsforskrifta) kap. 14*
- *Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)*

Informasjon om regelverk finst på [www.klif.no](http://www.klif.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no)

## Definisjonar

**Avvik:** manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

**Merknad:** eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

### Oppfølging etter kontrollen

Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart avdekte under inspeksjonen og gjev inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeid eller miljøstatus hjå verksemda.

Inga tilbakemelding. Fylkesmannen krev inga tilbakemelding frå verksemda. Oppfølging etter inspeksjonen er avslutta med denne rapporten.

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvika som er omtala i denne rapporten. Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding innan 3 veker om oppfølging av avvik.

## Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg, jf offentleglova.

## Avvik

Avviksteksten som har nummer og bokstav er førehandsdefinert av Klif, dette for at Klif skal kunne oppsummere resultata også på dei enkelte bokstavpunkta for dei kontrollerte avløpsanlegga i heile landet, kor mange har avvik og kor mange er utan avvik. Dei tekstane som ikkje gjeld for dette anlegget/Nord-Fron kommune (dvs ikkje er avvik her) har gråfarge.

Kommentarane beskriv situasjonen i kommunen.

### Det vart påvist følgjande avvik ved kontrollen:

**Avvik 1**      **Avviksbehandling for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.**

Avvik frå      Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, avdekkje og rette opp avvik

1A) Det er ikkje etablert eit skriftleg avviksbehandlingssystem for ytre miljø og for avløpsanlegget.

1B) Avviksbehandlingssystemet inkluderer ikkje alle delar av avløpsanlegget (avløpsnett, overløp, reinseanlegg, utslippsmålingar etc.).

1C) Avviksproseduren blir ikkje brukt eller etterlevd i praksis.  
(eksempelvis: manglande registrering av brot på utsleppskrav)

**Avvik 2**      **Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.**

Avvik frå:      Internkontrollforskrifta § 5 andre leden punkt 6

2A) Det er ikkje utarbeidd ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget.

2B) Risikovurderinga er mangelfull/utilstrekkeleg behandla for nokre område.  
(f.eks. avløpsnett, overløp, reinseanlegg)

2C) Det er ikkje etablert rutinar for risikohandtering av forhold med uakseptabel høg risiko.

2D) Klimatilpassing er ikkje behandla i og inngår ikkje i risikovurderinga.

### Kommentarar:

Oversikt over § 5 andre leden i forskrifta:

Internkontroll innebærer at virksomheten skal:	Dokumentasjon
1. sørge for at de lover og forskrifter i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen som gjelder for virksomheten er tilgjengelig, og ha oversikt over de krav som er av særlig viktighet for virksomheten	-
2. sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskaper og ferdigheter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, herunder informasjon om endringer	-
3. sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes	-
4. fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet	må dokumenteres skriftlig
5. ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt	må dokumenteres skriftlig
6. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene	må dokumenteres skriftlig
7. iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen	må dokumenteres skriftlig
8. foreta systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt	må dokumenteres skriftlig

Ved tilsynet låg det ikkje føre ei dokumentert risikovurdering for avløpsområdet.

Risikovurderinga må omfatte alle delar av verksemda og vurdere sannsynlegheit for visse hendingar/tilhøve opp mot konsekvensen av dette for miljøet. Det vart opplyst at det var gjennomført ein ROS-analyse for heile kommunen i 2007. Denne er meir overordna, men nemner faren for brot på hovudavløpsleidningen som kryssar Laugen. Elles kom det fram at det skulle gjennomførast "mini-ROS" i kommunen, dette var starta opp på nokre område, f. eks. for skule og barnehage.

Det er viktig at risikokartlegging og –vurdering blir følgt opp med tiltaksplan og gjennomføring. Det bør også vere ein skriftleg rutine for risikokartlegging og –vurdering. Det må gå fram korleis ein gjennomfører dette, kven som deltek og korleis oppdatering skjer, kor ofte. Det bør også vere rutinar for avviksregistrering og –behandling, jf avvik 1. Her bør det gå fram kven som behandlar avvika og ein bør definere kva som skal registrerast, og korleis.



### **Avvik 3 Anleggseigar har ikkje gjort gode nok førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar.**

Avvik frå: Forureiningsforskrifta § 14-10 Utforming og drift av reinseanlegg  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 7

- 3A) Kommunen har ikkje undersøkt korleis regionen vil bli påverka når det gjeld framtidige klimaendringar, f. eks. innhenta nedbørsprognosar for regionen frå kunnig fagmiljø.
- 3B) Det er ikkje gjort vurderingar eller berekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørsmengder vil ha på avløpsnett.  
- omsetje nedbørsprognosar til verknader på avløpsnett ved modellberekningar eller ved andre vurderingar, vurdere verknader for reinseanlegg, kjellaroversvømmingar, overløpsutslepp på nettet, grunnvassnivå i utsette område.
- 3C) Det er ikkje gjennomført tiltak eller vedteke planar for å hindre at overvatn kjem inn på avløpsnett, f eks ved reguleringsplanar som reduserer omfanget av fast dekke, etablere opne overvassløysingar, bortleing av overvatn.
- 3D) Det er ikkje gjennomført tiltak eller gjort vedtak om konkrete tiltak på nett for å handtere framtidige vassmengder, f eks oppgradering av nett til separat system i kritiske område, etablere fordrøyingsbasseng på avløpsnett, auke røyrdimensjonar i framtidige saneringsarbeid (føre-var-prinsipp).

#### Kommentarar:

§ 14-10 har krav til at:

*"Reinseanlegget skal dimensjoneres, byggjes, drives og vedlikeholdes av fagkyndige slik at det har tilstrekkelig yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for stedet der de ligger. Ved utformingen av anlegget skal det tas hensyn til variasjoner i mengde avløpsvann i løpet av året."*

Reinseanlegget er saman med avløpsnett ein del av avløpsanlegget, jf definisjonen i § 11-3 f) i forureiningsforskrifta. Det blir vurdert hjå Klima- og forureiningsdirektoratet som samordnar denne kontrollaksjonen, at krava til reinseanlegg i § 14-10 også gjeld for avløpsnett, jf formuleringane i 3B, 3C og 3D over. (Avløpsnett er omtalt i § 14-5 i forskrifta.)

I kommentarane til § 14-10 i forskrifta heiter det at sannsynlege framtidige endringar i klimatiske forhold i levetida til anlegget må takast med når lokalisering og utforming av reinseanlegget blir vurdert.

Elles skal det registrerast avvik og vurderast risiko for ytre miljø, ut frå krava i § 5 pkt 6 og 7 i internkontrollforskrifta:

*"Internkontroll innebærer at virksomheten skal:*

*6. – kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene.*

*7. – iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen."*

I dette inngår at ein må vurdere risiko for at anlegget ikkje fungerer godt nok ut frå nedbørs- og klimatilhøva på staden, og ein må ha rutinar for å avdekkje eventuelle manglar og problem som følgje av store vassmengder.



Avvik 4

Overløp av ureinsa kloakkvatn blir ikkje talfest.

Avvik frå: Forureiningsforskrifta § 14-5 Avløpsnett.

4A) Vesentlege overløp manglar utstyr som anten registrerer vassmengde eller tidsvarigheit for overløp av ureinsa vatn.

4B) Forureiningsutslepp av ureinsa vatn via alle overløp blir ikkje talfest anten ved utsleppsmålingar, modellering eller anna berekning.

4C) Kommunen har ikkje oversikt over alle overløp på leidningsnett.

**Avvik 5      Avløpsleidningar blir ikkje vedlikehaldne og fornya i tilstrekkeleg omfang.**

Avvik frå:    Forureiningsforskrifta § 14-5, avløpsnett  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 4, 6 og 7

5A) Dei viktigaste problemområda på nettet er ikkje identifiserte i ein skriftleg dokumentasjon.

5B) Kommunen har ikkje sett eigne mål for funksjonskrav til avløpsnettet, f eks innleking/utleking, tilføringsgrad, overløpshendingar/overløpsmengder.

5C) Det ligg ikkje føre ein saneringsplan for ledningsnett som er oppdatert etter 2005.

5D) Det er ikkje sett måltal for årleg fornyingstakt eller investeringsnivå for ledningsnettet.

5E) Vedteken fornyingstakt eller investeringsnivå i saneringsplanen blir ikkje gjennomført slik som føresett.

5F) Det langsiktige saneringsbehovet for avløpsnettet er ikkje ivareteke med den fornyingstakta som kommunen praktiserer.

**Kommentarar:**

Kommunen har ein eldre hovudplan for avløp frå 1999, og saneringsplan er ikkje oppdatert. Det er utarbeidd kommunedelplan for miljøvern 2001-1013, men denne omfattar ikkje avløpsforureining. Kommunepleanen 2010-2021 nemner at arbeidet med å forbetre avløpsnettet skal vidareførast. Det kom fram ved tilsynet at det er ein del eldre leidningsnett som må utbetrast. Men framdriftsplan er ikkje konkretisert.

**Avvik 6      Driftsforhold i reinseanlegg er ikkje tilfredsstillande dokumentert.**

Avvik frå:    Forureiningsforskrifta § 14-10.

6A) Opplegg for opplæring av driftsoperatørar er ikkje utarbeidd/er ikkje gjennomført.

6B) Dei styrande driftsparametra i reinseprosessane er ikkje skriftleg dokumenterte.

6C) Overvakings- og alarmsystem er utilstrekkelege til å sikre kontinuerleg god drift

6D) Vaktordning for reinseanlegget er utilstrekkeleg eller fungerer i praksis ikkje godt nok.

6E) Kalibrering/kontroll av viktig utstyr blir ikkje dokumentert.  
(Kalibrering pH-elektrodar, utstyr for dosering av fellingskemikal, syre/lut og polymer)

### **Kommentarar:**

Det er vaktordning for avløpsanlegg, med denne omfattar ikkje natta, dvs frå kl 16.00 til kl 07.00 neste morgon. Skjer det feil på denne tida av døgnet, går det melding til vaktentralen i Lom som vidareformidlar til aktuelle fagpersonar i kommunen.

Det bør vere ei god nok vaktordning for å ivareta kravet i § 14-10, dvs at reinseanlegget m.a. skal kunne drivast slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden. Oppfølging av internkontrollforskrifta tilseier også at vaktordninga bør bli betre, ein skal ha rutinar som best mogleg sikrar mot forureining.

**Avvik 7** Kommunen har ikkje rutinar for å vurdere grunnlaget for fastsetjing av reinsekrav med tanke på utløyning av nye krav til sine avløpsanlegg.

Avvik frå: Forureiningsforskrifta § 11-3, § 14-1, § 14-6,7,8 og § 14-17

7A) Kommunen har ikkje gjort ei vurdering av om forbodet mot oppdeling av tettbusetnader kan utløyse nye reinsekrav for relevante område.

7B) Kommunen har ikkje meldt frå til Fylkesmannen om at ein konkret tettbusetnad (etter at forbodet vart gjort gjeldande) har ei p.e.-belastning som utløyser reinsekrav etter kapittel 14.

7C) Aktuelle eksisterande anlegg med fosforreinsing har ikkje vorte vurderte med omsyn til kriterium for vesentleg endring som kan utløyse krav til sekundærreinsing.

7D) Kommunen har ikkje meldt frå til Fylkesmannen om at eit konkret avløpsanlegg har ei faktisk, dokumentert vesentleg endring og som utløyser krav til sekundærreinsing.

**Avvik 8** Det er manglande kontroll med og/eller oppfyljing av reinsekrav for utslepp til vatn.

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-13, § 14-11, § 14-6, § 14-2

8A) Behandling og samanstilling av primærdata (vassmengder, analyseresultat) til utsleppstal som bli innrapportert til KOSTRA er ikkje godt nok kvalitetssikra. (fagkyndig person, rutinar, prøvar som er utelatne på feil grunnlag oa.)

8B) Overløp ved reinseanlegget blir ikkje teke med i berekninga av reinsegrad og utsleppsmengder frå avløpsanlegget. (§14-11)

8C) Utsleppsdata blir ikkje løpande vurdert opp mot reinsekrava i utsleppsløvet. (for sein inngriping ved dårleg drift og brot på utsleppskrav)

8D) Reinsekrav i utsleppsløvet vart overskride i 2009, gjeld fosfor.

## Kommentarar:

Kommunen har eitt avløpsreinseanlegg som Fylkesmannen har tilsynsansvar for, på Vinstra. Pga utbetringsarbeid på anlegget og driftsstans i ein periode er det berre teke 10 vassprøvar i 2009, mot 12 som er kravet. Jf krav til prøvetaking i § 14-11 tredje ledd i forureiningsforskrifta. Under utbetringa vart avløpsvatnet sendt til anlegget på Frya for reinsing. På Frya er det teke nok vassprøvar, som også tilfredsstillar utsleppskrava.

**Reinseeffekten for fosfor for Vinstra-anlegget for året 2009 som middel er 94 %, mot 95 % som er kravet i utsleppsløyvet frå Fylkesmannen.**

2 av dei 10 fosforprøvane held ikkje konsentrasjonskravet på 0,3 mg/l. Fylkesmannen har i utsleppsløyvet sett krav som inneber at maksimalt 2 av 12 prøvar kan overskride konsentrasjonskravet. Jf s. 2 i utsleppsløyvet:

*"Krava i brev av 6.12.2004 til fosforkonsentrasjon i enkeltprøvar gjeld framleis. Dette samsvarer med kravet i forureiningsforskrifta § 14-13 til enkeltprøvar på organisk stoff."*

I vedlegg 2 til brevet av 06.12.04 går det fram at berre 2 av 12 prøvar kan overskride konsentrasjonskravet for fosfor. Konsentrasjonskravet er også her 0,3 mgP/l.

Forureiningsforskrifta har berre krav til reinseeffekt og ikkje til konsentrasjonskrav for fosfor, men dette er altså innskjerpa i utsleppsløyvet frå Fylkesmannen.

Alle vassprøvane som er tekne i år fram til og med juli månad held konsentrasjonskravet på 0,3 mg/l når det gjeld fosfor, jf dokumentasjon frå kommunen 11.10.10 (LabSvar).

## Merknader

Merknad 1

Det er ikkje gjeve merknader i samband med tilsynet.

## Andre forhold

Reinseanlegget på Vinstra var planlagt nedlagt med overføring av avløpsvatnet til reinseanlegget på Frya. Men dette har drege ut i tid, og ein har måtta oppgradere anlegget på Vinstra. Det er svært viktig at anlegget på Vinstra kan overhalde reinsekrava framover.